



## Norges Fiskarlag

### Fiskeridirektoratet

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
		Britt Sæle Instebo, 454 76 360	24.09.2024

## Regulering av fisket etter tobis i 2025

Styret i Sør-Norges Fiskarlag behandla ovannemnde sak i sitt møte 18.-19.09.2024, og gjorde følgjande vedtak:

Styret i Sør-Norges Fiskarlag konstaterer at 2024-sesongen blei svært dårleg, men ein håpar likevel at 2025-sesongen skal bli bra.

Ein viser til at ein i tobisfisket får tildelt ein føreløpig totalkvote, som kan bli endra i løpet av tobissesongen etter endt tokt. På bakgrunn av ei slik forvaltning ber ein om at fiskeriforvaltninga innfører kvotefleksibilitet på 10% på fartøynivå mellom «kvoterådperiodane», då ein då vil unngå unødig inndraging samstundes som ein reduserer beskatninga.

I Høstingsforskrifta, § 42 «Bifangst ved fiske med småmasket trål og snurrevad» står det:

Ved fiske etter kolmule og øyepål sør for 64° N er det tillatt å ha inntil 20 % bifangst i vekt av andre arter i de enkelte fangster og ved landing.

Ved fiske etter tobis med mindre maskevidde enn 16 mm er det tillatt å ha inntil 10% bifangst i vekt av andre arter i dei enkelte fangster og ved landing.

På bakgrunn av den nye forskrifta, som blei gjeldande frå 01.01.2024, for prøvetaking av industrifangster ved landing (J-122-2023), bør ein kunne avrekne bifangst av artar ein allerede har kvote på uten at dette blir begrensa av den forannevnte 10% regelen.

Fartøya har dei seinare åra tatt i bruk selekteringsredskap (excluder) som sorterer ut større kvitfisk i fangstane (hyse/hvitting). Ein utfordring som har dukka opp etter dette er at ved ein kontroll så finn ein berre att fisk under minstemålet og har dermed opplevd at feltet blir stengt. Dersom ein ikkje hadde brukt selekteringsredskap så hadde innblanding av fisk under minstemålet vært lovleg, men total bifangst vore for høg. Her burde ein kunna hatt ein differensiering på krava om ein fiskar med eller uten excluder.

Styret meiner at ein bør, i tillegg til dei opne områda (ut i frå kva forskarane ser på toktet), kunne innføre nokon lave «områdekvotar» i stengte område, slik at ein kan få ein betre oversikt over bestanden over eit større tidsvindu enn det forskingstoktet klarer å få oversikt over.

Elles føreset ein at fisket blir regulert i samråd med forvaltingsplanen for tobis.

Med helsing  
**Sør-Norges Fiskarlag**

**Janita Arhaug**  
Dagleg leiar

**Britt Sæle Instebo**  
Avdelingsleiar

Kopi: Nord Fiskarlag  
Fiskebåt

*Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.*